

Kva er tilhøvet mellom religionar og konflikter? Her kjem eit lynkurs.

Religion som krigsårsak



Kåre Lunden

KRONIKK

«This is a ball,» innleia fotballtrener Curtis pedagogisk på første treningstime med Rosenberg. («Itj så fort,» sa Odd Iversen.) Her vil eg forklåre samanhengen mellom religion og krig, med same viljen som Curtis hadde til å ta problemet frå grunnen.

Krigane i Midt-Austen vert førde mellom det som er eller ser ut som religiøse grupperingar: muslimar, «kristne», jødar, sjia, sunni, og så bortetter. Mange meiner difor at religionsskilnader er årsaka til krigane. Spaltist Arild Rønson i Klassekampen 11. august meiner at stridstemaet er: «Hvem har den rette guden? Så banalt er det faktisk.» Som fredsmann konkluderer Rønson: «Fæen ta religionen.» Den er sjølve «Forbannelsen».

Religions- og konfliktforskarar har nok mislykkast med å gje folk ei klår oppfatning av religion, konflikt og tilhøvet mellom dei to. Kanskje kan eit allmennhistorisk lynkurs hjelpe?

All kjend historia har vore prega av *konfliktar*. (Emnet til historia var «kongar og krigar».)

Grunnen til konfliktane er at natur- og samfunnsgevne ressursar – territorium, makt, ære, vakre kvinner – er *knappe*, så folk vil, ut frå sjølvoppbyggingsdrifta, rivalisere om dei.

Grunnen til at rivaliseringa ofte har vore *valdeleg*, er at dei ikkje har funne mindre destruktive måtar til *konfliktløsning*.

Grunnen til at konfliktane har vore førde *mellom grupper* (som «krig»), er at mennesket er eit sosialt dyr, som ikkje kan eksistere som isolert individ (jåmfør språket).

Tanken om at religionskilnader er aktuelt og allmenn krigsårsak svarar til påstanden frå EU-striden før 1994, at nasjonalismen har vore generalårsaka til krig. (Nasjonalisme fungerer som sekularisert religion, ifølgje A.D. Smith.) Begge tankane kan prøvast mot hovudobservasjonar i historia. Det gjeld kva for prinsipp som har lege til grunn for danninga av dei grupperingane som har kriga mot kvarandre.

I **eldste tidene** hadde grupperingane ættekaraktar. «Vi»



KLOKARE? Kor mykje klokare vert vi i denne situasjonen av å halde foredrag som Øverland i 1933, om religionen som den tiande landeplage og ondets rot, spør artikkelforfattaren.

FOTO: SCANPIX/REUTERS

som kriga mot «dei» var då dei som hadde same oldefar på farssida.

I mellomalderen var grupperingane territorielle dynastistatar. «Vi» var dei dei vasallane som hadde same lensherre.

I tidleg nytid i Europa var grupperingane territorielle dynastistatar. «Vi» var dei som vart regerte av same despotiske (eineveldige) fyrstedynasti.

Frå 1800-talet vart dei krigande grupperingane nasjonalstatar. «Vi» var dei som vart rekna å vere fødte av same «folk».

I år 2006 lærer nokre statsvitarar at nasjonalstatane no er avskaffa. Krig har vi openbert likevel. Mellom kven? Om kva?

Med tanke på teoriene om religionsskilnader som aktuelle og allmenne krigsårsaker, har vi: Dei krigande gamle ættene hadde same slags naturreligion. Dei krigande føydale og dynastistatlege gruppene i Europa hadde som hovudregel same kristne verdsreligion. Moderne nasjonalstatar var ukjende. Men aldri var der så mange krigar som då. Dei krigsrettslærde doserer at i den religiøst homogene mellomalderen var kristligstanden permanent, berre av noko varierende karakter.

Historia sin lærdom er då: Når vi vil krigere om ressursar, naturgevne og samfunnsgevne, finn vi alltid eitt eller anna prinsipp å gruppere oss etter. Religion, inkludert nasjonalisme som sekularisert religion, har vore eitt av dei mange fenomen som i nokre tilfelle har tent som identitetsmerke for krigande grupper, og som legitimering

«Når vi vil krigere om ressursar, finn vi alltid eitt eller anna prinsipp å gruppere oss etter»

(unnskyldning, forklaring) av kriginga om ressursar og makt. Men å avskaffe krig ved avskaffing av religion, svarar til å avskaffe fotball ved å forandre fargane på fotballdraktene. Krig kan berre avskaffast ved effektive institusjonar for fredelig konfliktløsning.

Endå kortare om situasjonen no: Er det svært vanskelig å identifisere dei interessene det er konflikt om i Midt-Austen? Staten Israel vart oppretta på 1900-talet på territoriet til det palestinske folket, med valdeleg undertrykking av dette folket sine aller mest vitale interesser, primært dei territorielle. Palestinarane finn seg ikkje i det?

Dei styrande krinsane i USA meiner at dei kan skape «eit amerikansk hundreår» med oppretthaldning av særprivileg ved brutal militær makt, utan å underkaste seg same avgrensingar som andre, særleg økologiske avgrensingar. Er det uskjønleg at USA og vi allierte vert møtte med stadig fleire «terrorbomber»?

Kor mykje klokare vert vi i denne situasjonen av å halde foredrag som Øverland i 1933, om religionen som den tiande landeplage og ondets rot?

Dette var historia utan kryss og b. Ho kan alltid kompliserast. Materielle og andre ressursar kan vere koble med religiøse posisjonar. Historikaren Halvdan Koht meinte at andre krig i Noreg omkring år 1000 stod mellom heidne hovdingar som kombinerte religiøse funksjonar med politisk maktutøving på ei side, kristne hovdingar på den andre sida. Konfliktane såg ut som religionskrigar. Men dei tok slutt når hovdingane på begge sider fann måtar til å dele politisk makt og økonomiske ressursar.

Tilsvarande med «religionskrigane» på europeisk 1600-tal. Og kor lenge vil religionsskilnadene skape krig i Midt-Austen, når territorielle og andre politiske problem som gjeld ressursar og makt vert løyste?

Eg vedgår at alt eg har skrive her er sjølv sagt. Men ei hvis reell hindring for fred kan vere at journalistar, forskarar og politikarar brukar tida til å benekte det som alle egentleg veit er sjølv sagt? Dei gjer det kanskje fordi dei har interesse av det? Uansett religion?

Kåre Lunden, professor emeritus i historie ved Universitetet i Oslo

«Men å avskaffe krig ved avskaffing av religion, svarar til å avskaffe fotball ved å forandre fargane på fotballdraktene»